

## Vestlandsfanden på Dønhauglåven

17.08.2011

**Laurdag 27. august. vert det låvedans på Dønhaug med ingenringare enn Vestlandsfanden.**

**Dette bandet avslutta også låvedanssesongen i 2010, som av uskedalen.no  
vart karakterisert som kanskje den beste låvedansen, både musikalsk og stemningsmessig,  
som har vore på Dønhauglåven**

Dette er eit band som dei aller fleste kjenner godt til,  
då dei har turnert samanhengande sidan 1980.  
Då dei var på Dønhaug i 2010 var dette i samband med  
deira Jubileumsturne som markerte 30 år  
på landevegen over heile Norge. Bandet på 14 CD-skiver på samvetet,  
deira siste "LIVETS GLADE PLOMMER" kom ut i 2010.

Vestlandsfanden er eit band som er like populært i alle aldersgrupper,  
frå dei yngste til til dei langt oppe i pensjonsalderen.  
Deira musikk står for ein særeigen norskspråkleg  
låtskrivartradisjon, og er norsk folk-rock, country-rock på sitt beste.  
Og med Reidar Brendeland som frontmann, låtskrivar og primus motor  
vil publikum denne kvelden garantert få ein flott musikk-kveld på låven.

Førehandssalet av billettar er godt i gang på Spar Uskedalen  
og Statoil Husnes, og me vil anbefala å sikra seg  
billettar under førehandssalet.  
Evt. restbillettar vert selt i porten.

Av Magne Huglen